



Referat frå møte i Fylkesberedskapsrådet i Vestland, 16.-17. november 2022

Onsdag 16. november

Stad: Scandic hotell Flesland

Velkomen og innleiing v/statsforvaltar Liv Signe Navarsete

- Viste til viktigeita av arbeidet til totalforsvarskommisjonen og forsvarskommisjonen.
- Statsforvaltarembeta har ei stor breidde i arbeidsoppgåvene. Ei hovudoppgåve innanfor samfunnstryggleiksområdet er samordningsarbeidet mot kommunane.
- Kommunane er veldig viktige aktørar, mellom anna med tanke på kommunikasjon med innbyggerane om eigenberedskap.
- Vi er i ein uføreseieleg situasjon no. Samarbeidet mellom aktørane må være godt, og vi treng å øve.
- Fylkesberedskapsrådet er ein viktig arena for å bli kjent og løfte saker av felles interesse.
- Arbeidet med FylkesROS skulle gjerne ha vore ferdig, men pandemien og krigen i Ukraina har gjort det umogleg å få til.
- Viktige spørsmål å diskutere vidare er t.d.
 - Har vi det vi treng viss det vert krig?
 - Er tryggleiskulturen god nok og klarar vi å prioritere det godt nok og?
 - Kva skal Forsvaret bidra med i krise og krig?
 - Korleis skal vi samarbeide i Totalforsvaret?
- Totalberedskapskommisjonen og Forsvarskommisjonen skal drøfte desse og andre spørsmål i eit ti- til tjuetårs perspektiv.

Planlagt utbetring av Lærdalstunnelen

Orientering v/ Henny Kristin Asperanden Navarsete, SVV

- Oppgraderinga av i tunnelen er nødvendig for å oppfylle krava tunneltryggleiksdirektivet.
- Lengda på tunnelen gjer at arbeidet vert dyrt og tek lang tid.
- Det er mykje «sprakefjell» som gjer arbeidet utfordrande. Vi kan ikkje kompromisse om tryggleiken, verken for dei som skal jobbe i tunnelen eller dei som skal køyre gjennom den.
- Når arbeidet startar opp vil stengingane gi store ulemper for lokalt næringsliv, innbyggerane og mange andre aktørar.
- Vi må snakke saman for å finne gode løysningar så det vert minst mogelege ulemper for dei det gjeld.
- Kvar aktør i fylkesberedskapsrådet må vurdere kva stengeregime som vil vera best med tanke på å ivareta beredskapen i eigen etat. Det bør gjerne vurderast kva som er mest føreseieleg og gir best høve til å setje i verk avbøtande tiltak.



- Utgreiinga om stenging av Lærdalstunnelen skal vera klar til 1. mars (innspel til Vegvesenet må difor inn innan utgangen av januar)
- Utgreiinga er offentleg. Den skal vera eit avgjerdsgrunnlag og vil difor ikkje ha ein konklusjon og tilråding.
- Vegvesenet vil ta kontakt med fleire etatar for innspel.

Spørsmål/innspel:

- Oppmodar vegvesenet om å høyre flest mogleg innspel før det vert teke ei avgjerd om gjennomføring av arbeidet og stenginga.
- For spesialisthelsetenesta vil kolonnekøyring i lang tid gjere det krevjande å oppretthalde tenestene. Det er i dag ikkje ambulanse stasjonert i Aurland, og det er ein del tilsette ved sjukehuset i Lærdal som køyrer gjennom tunnelen til og frå arbeid.
- Vi må ha dialog for å finne ei løysing på pasientstraumen mellom sjukehusa, som nyttar Lærdalstunnelen.
- Forsvaret ønskjer gjerne å høyre kor lang tid det vil ta for å få eit tunnellop køyreklart for tyngre køyretøy. SVV kjem tilbake med eit svar på dette. Veggen kan opnast for gjennomkøyring i løpet av kort tid (timar), det vil i slike tilfelle vera andre vurderingar i høve tryggleik.
- Korleis veit vi at alle omsyn vert vurdert, og kven tek den endelege avgjerda om å stenge eller ikkje? Kva ressursar vert nytta til dette?
- Vegvesenet bør vurdere kva høve det er til å nytte ferje den tida det er stengt (SVV svarar at både hurtigbåt og ferje er vurdert).

Speakers corner: Laust og fast frå rådet

Kort orientering om flaum-/overfløymingsproblematikken 11.-13.11 v/Jan Flore, NVE

- NVE sendte torsdag 10.11. ut varsel om oransje farenivå for flaum og jordskred, gjeldande frå dagen etter. Varselet vart fredag oppgradert til raudt farenivå for flaum.
- NVE si hovudmerksemd er på hendingar som kan råke hus og bygg, medan vegeigarane handterer det som treff på vegane.
- Det var ein god del vassdrag i Vestland som hadde vassføring på raudt nivå i løpet av fredag, men det var først og fremst Voss herad som fekk store problem. NVE har lenge hatt ein dialog med kommunen om moglege sikringstiltak.
- Haavard Stensvand opplyste at det skal vere folkemøte på Voss denne veka, for m.a. å orientere om forsikringsordningar.

Synspunkt på, og vurderingar av, situasjonen i Ukraina

Foredrag v/Hans Petter Midttun (tidlegare norsk forsvarsattaché i Ukraina)

- Midttun snakka ein del om den historiske bakgrunnen for krigen i Ukraina.
- Krigen har ført til ei humanitær krise. Meir enn 1,6 millionar menneske er tvangsflytta. Meir enn 17,7 millionar menneske treng humanitær hjelp.



- Ti millionar menneske står utan elektrisitet.
- Det er øydelagt 7 000 km med gassrørleidningar.
- Ukraina er per i dag ikkje levedyktig utan hjelp utanfrå. Dei har behov for 3-5 milliardar USD i støtte kvar månad for å drifte samfunnet.
- Russland har mobilisert mellom tre hundre tusen og ein million soldatar.

Spørsmål/innspel:

- Vi nærmar oss vinteren; kva med Ukrainas ønskje om å «køyre på», i motsetnad til russisk ønskje om pause?
- Kva med evna til stå løpet ut i vestlege land; korleis vil det påverke den geopolitiske situasjonen (verdsfreden) viss vi ikkje klarar det?
- Kva verkemidlar har Vesten?

CBRNE-arbeid i Vestland

Innleiing v/Haavard Stensvand

- Statsforvaltaren har som eit av sine oppdrag å legge til rette for styrka CBRNE-beredskap gjennom sitt samordningsansvar.
- I den nasjonale CBRNE-strategien står det at Statsforvaltaren og kommunane skal legge strategien til grunn for arbeidet. Det skal m.a. skje gjennom å setje temaet jamleg på dagsorden og å ha dialog med relevante aktørar, som m.a. naudetatane og industrien, for å syte for ein best mogleg beredskap.
- Vi treng å tenke litt høgt saman med aktørane i fylkesberedskapsrådet, om korleis vi skal setje temaet på dagsorden og styrke samordningsansvaret.
- Det har akkurat vore på høyring eit utkast til nasjonal CBRNE-prosedyre for naudetatane og naudmeldesentralane. I vår uttale har vi tatt opp at handtering av samfunnskonskvensar så å seie ikkje er nemnt, særleg med tanke på varsling til SF og varsling av kommunar. DSB arbeider vidare med prosedyren.
- Vi arrangerte ein fagdag om CBRNE i Bergen. Vi er usikre på korlei status er m.o.t. beredskapsførebuingar for slike hendingar utanom Bergensområdet.
- Vi treng å sjå på dette fagområdet for å forstå kva som er forventa av oss og kva vi skal forvente av kvarandre i fylkesberedskapsrådet.
- Vi ber om tilbakemeldingar frå aktørane i FBR om moglege tiltak som kan auke kompetansen regionalt (t.d. samlingar/øvingar).
- I tillegg til at det er ei CBRNE gruppe, har Sivilforsvaret i Hordaland har litt meir materiell enn S&F distrikt.
- Vi må jobbe endå meir med dette og i heile fylket.
- Helse Fonna har merksemd på CBRNE og jobbar med det, men det er framleis ein veg å gå.
- Det vert jobba med å lage ein felles strategi for dei regionale helseføretaka i Helse Vest.



FylkesROS

Innleiing v/Haavard Stensvand

- Orienterte om korleis arbeidet med fylkesROS har vore og korleis analysen er bygd opp. Det er sendt ut invitasjon til medlemene i fylkesberedskapsrådet til å kome med synspunkt og innspel.
- Viser til god erfaring frå Sogn og Fjordane med å ha ei oppfølgingsliste som vert tatt fram i FBR-møta, og status gått gjennom.
- Målet med fylkesROS er å gi eit kunnskapsgrunnlag for eit målretta og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap i fylket. Ønsker å invitere rådet til ein vidare diskusjon om framdriftsplanen, i tillegg til kva scenario vi skal jobbe med framover (t.d. utfordringane med E16 mellom Voss og Bergen).

Spørsmål/innspel:

- Kan stor tilstrøyming av flyktningar vere eit tema for eit scenario i fylkeROS?
- Haavard Stensvand meinte at scenario i fylkesROS kanskje ikkje er mest egna til dette, sidan det er ein tidkrevjande prosess å lage eit slikt. Vi bør heller ha ein eigen runde på tvers om korleis vi er budde på å ta i mot 40.000 i ein situasjon med meir knapp tilgang på hus og husvære enn i fjor.
- Det er uvant å sjå ein ROS-analyse utan ei risikomatrise.
- Haavard Stensvand sa at vi har valt ein kvalitativ metode utan den tradisjonelle bruken av risikomatrise. Vi har utfordra oss sjølve på å skrive kven som har ansvaret for førebyggjande og konsekvensreducerande tiltak innanfor dei ulike risikoområda. Vi ønsker å gjere kommunane medvitne på si rolle i dette arbeidet.

Kraftrasjonering

Innleiing v/Atle Isaksen, KDS Sogn og Fjordane

- Vassmagasina er tryggleiken vi har. Prisane har vorte ganske høge, men vi har klart å unngå rasjonering og det er no mindre risiko for det til våren.
- I dag eksporterer vi straum til England, Nederland og Tyskland.
- Ei eventuell rasjonering vil først kunne kome til våren. Arbeidet med å lage oversyn over prioriterte sluttbrukarar må lagast no.

Innlegg v/Mari Severinsen, Statsforvaltaren

- Statsforvaltaren har tatt på seg å samordne arbeidet med prioriteringslister frå kommunane og andre aktørar i fylket.
- I dag er det nettselskapa som er ansvarleg for å hente inn prioriteringsoversikt frå relevante brukarar. Listene dei får inn er svært ulike, ikkje koordinert opp mot andre lister og selskapa opplever ulik grad av tilbakemeldingar.
- Vi har fått inn oversikt over prioriterte sluttbrukarar, naudstraumforsyning og område med særleg behov for Nødnett. Vi startar no prosessen med å gå igjennom desse. Vi har sendt eit oversyn over område med særleg behov for Nødnett til DSB.



- Vi ser behov for å løfte enkelte problemstillinger til nasjonalt nivå. Det gjeld mellom anna ei overordna vurdering av korleis ekom skal prioriterast, prioritering av transportinfrastruktur og matproduksjon. Det er òg uklart for oss kva næringar som er tenkt prioritert i ein rasjoneringsituasjon.

Spørsmål/innspeil:

- Nødnettlading må også prioriterast. Hjelper ikkje å ha basestasjonar oppe viss ingen har straum på Nødnett-terminalane.
- Burde diskusjonen leggast høgare opp og diskutere om aktørar treng straum eller ikkje?
- Same kartlegging skjer andre stadar, så det blir spennande å sjå korleis det vert gjort i andre fylke.
- Viktig at det vert gjort ei prioritering. Det er viktig å ha eit planverk over kva som skal kuttast ut, og det kan plutselig hende at kritiske tenester ikkje kan prioritere fordi dei er slått ut.
- Sjølv om liv og helse er eit prioritert område, er det ikkje sikkert alle bygga på eit sjukehus skal vere opplyst til ei kvar tid.
- Vi må være kritiske sjølve. Det er ikkje sikkert heile bygget eller heile verksemda treng straum.
- Dette arbeidet er viktig. Ved utfall av kraft må ekomtilbydarane ha ei oversikt som gjer det er lettare å finne ut kvar dei vil prioritere at gjenoppretting av kraftforsyninga skal skje først. Straum er nødvendig for å levere ekom-tenester.
- Det er viktig å lukkast med informasjonsarbeidet overfor publikum.

Torsdag 17.november 2022

Stad: Haakonsværn orlogsstasjon.

Heile møtet vart gjennomført på gradert nivå «Begrenset».

1. Statsforvaltar Liv Signe Navarsete ønskte velkommen.

2. Situasjonsorienteringar

- Statsforvaltaren v/Haavard Stensvand

Tok m.a. opp korleis ugradert informasjon kan «produserast» og delast. Ein del av aktørane i fylkesberedskapsrådet har jamn tilgang til situasjonsrapportar, analysar m.v. på gradert nivå frå m.a. EOS-etatane. Mange har det ikkje og heller ikkje kommunane. Det er viktig å sjå korleis vi kan unngå for stor informasjonsmessig «strek i laget» blant aktørane i Totalforsvaret.

- Politiet v/Gustav Landro og Håkon Strand

Orientererte m.a. om droneaktivitet og vakt- og sikringsoperasjonen ved gassanlegga (støtta av HV).

- HV v/Christoffer Knutsen og Knut Are Bakke



HV har same situasjonsforståing som politiet. Det er ikkje konkrete truslar mot norske gassleveransar, men dei representerer ein svært stor samfunnsverdi.

3. Beredskapsplanlegging i kraftforsyninga og hjå ekom-tilbydarane.
 - Ketil Tømmernes og Atle Isaksen orienterte om arbeid med tryggleik og beredskap i kraftforsyninga.
 - Haavard Stensvand orienterte frå eit møte som Vest politidistrikt, HV og Statsforvaltaren tidlegare i veka hadde med dei største tilbydarane av telefonitenester.
4. Krisekommunikasjon; korleis informere utan å skremme?
 - Innleiing v/Dyveke Buanes, NRK

Evna til å kunne informere innbyggjarane er heilt avgjerande viktig for eit levedyktig demokrati. Merksemd gjennom mediasaker hjelper styresmaktene. Meir enn 30 «dronesaker» i NRK i september bidrog til å auke medvitet til publikum.

5. Tryggleikspolitisk scenario i fylkesROS
 - Statsforvaltaren orienterte om arbeidet med eit gradert tilleggsscenario til fylkeROS. DSB har laga eit scenario som skal vere utgangspunkt for ein analyse av konsekvensane i kvart fylke.
 - Arbeidet tek utgangspunkt i eit tryggleikspolitisk scenario og analysegrunnlag som DSB har laga.
 - I arbeidet/analysen ser vi på korleis regionen og dei sivile beredskapsressursane kan handtere scenarioet, og korleis det m.a. kan påverka dei sju grunnleggande forventningar til motstandsevne («seven baseline requirements»), som Noreg forpliktar å følgje som NATO-medlemsland.
 - Analysen tar òg føre seg konsekvensar, ikkje minst helsemessige konsekvensar, av eit slikt scenario, og kva rolle dei sivile aktørane/ressursane har i totalforsvarskonseptet/-samarbeidet.
 - Sivilforsvaret v/Johnny Aslaksen etterlyste større merksemd på sivil beskyttelse i analysearbeidet (jf. [artikkel 61 i tilleggsprotokoll til Geneve-konvensjonane](#))
6. Utvikling av totalforsvaret – kva betyr det for oss?
 - Innleiing v/Liv Signe Navarsete

Ho snakka m.a. om følgjande:

- Forsvarsvilje er eit viktig tema i ein diskusjon om totalforsvaret.
- Det vil vere viktig å sjå på rollene næringslivet og frivillige organisasjonar i det vidare arbeidet med å utvikle totalforsvaret.
- Vi må sikre at vi har gode system for å vurdere truslar som går på tvers av sektorar; kven skal setje saman puslespelet.